



Gudrun Angell
Follfotvegen 9
5281 Valestrandsfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2418 - 23/17863

Saksbehandlar:
Kristin Ruud Myking
kristin.ruud.myking@osteroy.kommune.no

Dato:
08.08.2023

Sommaravtale Delta 2023

Lokal særavtale mellom Osterøy kommune og Delta vedrørende utvida arbeidstid for helsefagarbeidarar, sjukepleiarar og miljøterapeutar ved Bu- og avlastningstenesta, i ordinær turnus, i samband med avviking av sommarferie i Helse og omsorg i 2023.

Avtalens sitt formål: Oppretthalde tilstrekkeleg og fagleg forsvarleg bemanning i samband med upårekna fråvær.

Avtalen gjeld frå og med veke 25 til og med veke 32 i 2023, for vakter som blir avtalt i samband upårekna fråvær sommaren 2023.

Avtalen gjeld IKKJE endringar som følgje av sommarturnus som er ein del av arbeidsavtalen. Avtalen gjeld fast tilsette i 50 % stilling eller større i Helse og omsorg. Avtalen gjeld heller ikkje vakter i den tilsette sin ferie.

Det er frivillig for den tilsette å utvide og endre arbeidstida mot kompensasjon. Kompensasjon etter denne avtalen vert berre gitt for gjennomførte vakter. Vakter som fell bort grunna sjukefråvær eller anna fråvær vert ikkje kompensert etter denne avtalen.

Godtgjersle:

- kr 580 per time for helsefagarbeidarar for ekstravakter dag, kveld, helg og natt
- kr 800 pr time for sjukepleiar og miljøterapeutar i ekstra vakter
- kr 870 pr time for spesialsjukepleiar i ekstra vakter
- For ekstravakter på helg vert det gjeve tillegg som for laurdag- og søndagstillegg
- (jmf.HTA.kap.1 §5.2
- Godtgjersle for både helsefagarbeidarar og sjukepleiarar er samansett av grunnlønn, overtidstillegg samt eit ekstra kronetillegg.

Den lokale avtalen skal sjåast i samanheng med vernebestemmingar og krav til forsvarleg drift. Turnusavtale ligg til grunn for tenestekområda. Osterøy kommune vil ha særskilt merksemd på berørte

arbeidstakarar si helse, jfr. AML. §10-2. Vernebestemmingane ligg til grunn for avtalen, og skal sjåast opp mot den konkrete turnusplanen.

- Dagleg arbeid skal ikkje overstige 12,5 timar.
- Vekentleg arbeidstid skal ikkje overstige 54 timar.
- Minimum 8 timar arbeidsfri i løpet av 24 timar.
- Kompenserande kvile skal sikrast
- Minimum 28 timar samanhengande arbeidsfri i løpet av sju dagar

Osterøy kommune 23.06.2023

Partane:

Osterøy kommune

Delta Osterøy

.....
Kristin Ruud Myking (e-sign)
Kommunalsjef Helse, omsorg og sosial

.....
Gudrun Angell
Tillitsvald Delta

Med helsing

Kristin Ruud Myking
kommunalsjef - sektor helse, omsorg og sosial

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.